LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

Lerøy Vest AS v/Svein Nøttveit
Skipavika 54
5397 BEKKJARVIK

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Ingrid Bjørge Pedersen | 07.12.2018 |
| Vår: 16/2907 - 18/36698 | Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no | |

# Ferdigattest for tilbygg til næringsbygg - gbnr 229/6 Skår (Bjørsvik)

**Administrativt vedtak. Saknr:**
**Tiltakshavar:** Lerøy Vest AS
**Ansvarleg søkjar:** Akvator AS
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 08.02.2017. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 05.12.2018.

**Skildring**

| | |
|---|---|
| Adresse: | Bjørsvikvegen 137 |
| Bygningstiltak: | Tilbygg til næringsbygg- produksjonshall |
| Bygningsnummer: | 176310081 |
| Bruksareal: | 2018 $m^2$ |

**VEDTAK:**
Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for tilbygg til næringsbygg (produksjonshall) på gbnr 229/6.
Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/2907

Med helsing

| | |
|---|---|
| Siril Sylta<br>avdelingsleiar | Ingrid Bjørge Pedersen<br>rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Lerøy Vest AS v/Svein Nøttveit | Skipavika 54 | 5397 | BEKKJARVIK |
| Multiconsult Norge AS v/Nina Skjerping | Nedre Skøyen vei 2 | 0276 | OSLO |